

15. august inviterte me til hastedugnaden «Alle mann til pumpene» for å få luka mest mogleg kjempespringfrø før frøa vart modne. På to dagars varsel møtte over 40 personar opp frå ulike lag.

Naturverkstaden
Me fiksar naturen - bit for bit

Redningsaksjon stadeigen natur
– prosjektrapport 2026

GODT JOBBA, vossingar og gravensarar!

Me er heilt imponerte over engasjementet i bygda – og ikkje minst nøgde med resultatet i år, der me saman har fjerna store mengder framande artar.

Saman fiksar me naturen – bit for bit.

1 250
dugnadstimar

190 000 kr
delt ut til lag og organisasjonar*

250+
dugnadsdeltakarar

*SMIL-midlar kjem i tillegg

Andre sesong er i boks

Prosjektet Redningsaksjon stadeigen natur har no fullført sin andre sesong, og lag og organisasjonar har lagt ned ein fantastisk innsats. Store mengder kjempespringfrø og hagelupin er fjerna gjennom luking og maskinell slått, og totalt 190 000 kr er delt ut til lag og organisasjonar gjennom prosjektet.

Interessafor å delta på dugnad er stor, og me har fått langt fleire påmeldingar frå lag og organisasjonar enn me har hatt midlar til å dele ut. I tillegg til dei tilsette i Naturverkstaden har me i år, som i fjor, hatt eit godt samarbeid med Kirkens Bymisjon gjennom sesongen. Dei har jobba med både luking, maskinell slått og avfallshandtering. Me har òg leigd inn hjelp til maskinell slått, og i juli hadde me med oss ein ungdom på lukearbeid gjennom eit samarbeid med Voss herad – ei ordning me gjerne vil vidareutvikle i dei komande sesongane.

Prosjektet kort fortalt

- Enkel naturrestaurering gjennom fjerning av framande artar
- Hovudfokus på kjempespringfrø og hagelupin
- Dugnader for lag og organisasjonar i prioriterte område
- Maskinell slått og luking i prioriterte område
- Kartlegging, registrering og fjerning av enkeltlokalitetar med framande artar langs veg og vassdrag
- Synfaring av nye område

Finansiering og oppdragsgjevarar

Prosjektet er finansiert av Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland. Oppdragsgjevarar er Voss herad og Statsforvaltaren i Vestland, som òg avgjer kva område som skal prioriterast. Naturvernforbundet har bidrege med midlar til enkel servering under dugnadene.



Naturverkstaden fekk ta med (tidlegare) klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen på ei lukeøkt.

Miljø-direktoratet · Statsforvaltaren i Vestland · Voss herad · Naturvernforbundet

Tusen takk til

Kirkens Bymisjon Voss
Voss Elveklubb
Voss Skulemusikk
FBK Voss G2010
FBK Voss G2011
FBK Voss J2012
FBK Voss J19
Voss ungdomsskule – klasse 9B
Voss ungdomsskule – klasse 9G
Eide grannalag
Voss Sjakklubb
Russegruppe Voss vgs
Ørnar IL, Ørn G13
Vossastryk
Todalen vel
Oksen grendalag
Ekstremsportveko (dugnad med festivaldeltakarar i samband med festivalen)

... og alle andre som har stilt opp for naturmangfaldet i 2026!



Dugnadsglede ved Vangsvatnet.

Lokale heltar i sving

Fleire grendalag og nabolag har arbeidd sjølvstendig gjennom sesongen med å arrangere dugnader. Me vil særleg trekkje fram Oksen grendalag og lokalbefolkninga på Hausnes og i Øvre Granvin som fantastiske døme på lokalt engasjement.





På Djønno på Oksenhalvøya har lokalbefolkninga arrangert fem dugnader gjennom sesongen og fjerna store mengder kjempespringfrø. Området ligg nær det føreslegne Kaland naturreservat, og ikkje langt frå Åkre og Vikane naturreservat. Lokale heltar frå Oksen grendalag, foto: Ottar Fjose.

Hovudområde: Øvre Granvin og Almeland/Nedkvitne

Hovudområda for nedkjemping av kjempespringfrø er Øvre Granvin og Almeland/Nedkvitne, i nærleiken av høvesvis Granvinsdeltaet naturreservat og Lønaøyane naturreservat. Begge reservata er svært artsrike hekke- og trekkområde for våtmarksfugl i Vestland, og Granvinsdeltaet er i tillegg eit viktig gyteområde for mellom anna sjøaure. I reservata er det registrert kritisk og sterkt truga artar, til dømes vipe, storspove, åkerrikse, hettemåke og sandsvale.

I Granvinsdeltaet naturreservat har kjempespringfrø spreidd seg inn i reservatet, og gjennom sesongen er det fjerna førekomstar i og oppstraums frå reservatet. Mellom reservatet og Skjervsfossen er det òg fjerna kjempespringfrø inntil eit område med rik edellauvskog. Rik edellauvskog er ein nær truga naturtype i Noreg, og er den naturtypen som generelt huser flest truga artar.

Det er ikkje registrert kjempespringfrø i Lønaøyane naturreservat, men me ønskjer å fjerne førekomstar i nærleiken av reservatet og nedover vassdraget.

I begge hovudområda er det rydda fleire gonger gjennom sesongen med luking og maskinell slått, og me har arrangert mange dugnader. Det er motiverande å sjå kor stor endringa er frå i fjor i områda me arbeidde i då. Me tilrår at desse områda framleis er hovudprioritet i 2027.

Fakta om kjempespringfrø

- Kjem opphavleg frå Himalaya og vart innført som hageplante.
- Står på Framandartslista i kategorien svært høg risiko (SE).
- Eittårig plante som i snitt produserer 700–800 frø, opptil 4 000, og dannar tette bestandar.
- Trivst spesielt godt i fuktige, næringsrike område, og etablerer seg raskt langs vassdrag.
- Fortrengjer stadeigen vegetasjon, og dei grunne røtene gjev auka fare for erosjon langs elvebreiddene.
- Enkel å luke, og bør lukast gjennom heile sesongen. Større bestandar bør slåast med ryddesag eller liknande og etterlukast gjennom sesongen.



Kjempespringfrø med blomar og frøkapslar.

Her har me arbeidd



Øvre Granvin: grøne felt viser område der kjempespringfrø er fjerna, frå Skjervsvegen ned mot Granvinsdeltaet naturreservat.



Almeland/Nedkvitne: grøne felt viser område der kjempespringfrø er fjerna, oppstraums Lønaøyane naturreservat.







Lagslivet i sving i Øvre Granvin.

Andre område med kjempespringfrø

Hausnes

Vidare 2027

Lokalbefolkninga, Naturverkstaden og Kirkens Bymisjon har arbeidd her gjennom sesongen. Me tilrår å arbeide vidare i 2027.

Vestbygdi / Seimsvatnet

Treng plan

Grunneigarar og innleigd arbeidskraft har fjerna maskinelt i enkelte område. Me tilrår ein plan ut frå ressursar, då dette er eit omfattande arbeid.

Lid – bekken ned til Raundalselva

Vidare 2027

Grunneigarar, Naturverkstaden og Kirkens Bymisjon har luka og slått nokre timar. Grunneigar skal prøve med geiter neste år – det ser me fram til å følgje!

Voss vidaregåande skule

Fjern 2027

Liten lokalitet som er luka, men som bør lukast meir kontinuerleg i 2027 for å fjerne han heilt.

Raundalen langs Selheimsvegen

Treng plan

Nyoppdaga. Grunneigar har fjerna noko, men det bør leggjast ein god plan for 2027 for å hindre spreiing nedover vassdraget.

Nordvest for Bømoen

Fjern 2027

Mindre, nyoppdaga lokalitet ved Gamle Raundalsvegen. Bør fjernast i 2027.

Mossefin / Vikjavegen

Start 2027

Større område som ser ut til å spreie seg raskt. Godt eigna for dugnader, og bør i tillegg slåast maskinelt gjennom sesongen. Me tilrår å starte arbeidet i 2027.



Padlarar i Voss elveklubb luker og kartlegg kjempespringfrø langs Storelvi, foto: Yorick Gontarek.

Hovudområde: Grandane/Prestegardsmoen

Voss har mange store førekomstar av hagelupin, særleg langs vegane. På tiltakslista for framande artar til Statsforvaltaren i Vestland er Prestegardsmoen/Grandane det einaste prioriterte området for fjerning av hagelupin i Vestland. Dette er eit unikt innlandsdelta med mudderbankar og sandbankar, ein viktig rasteplass for trekkfuglar og eit område med sjeldan flora. Naturverkstaden har fjerna hagelupin frå Grandane og vidare langs vatnet til Svartnakken, hovudsakleg gjennom dugnader. Me har luka, og slått plantene me ikkje har rokke å fjerne før dei sette frø. Me har teke omsyn til hekketida under dugnadene.

Hagelupin er ein hardfør plante, og me tilrår å halde fram arbeidet i åra som kjem.

Fakta om hagelupin

- Kjem frå Nord-Amerika og er planta i hagar og langs vegar.
- Svært høg risiko (SE) på Framandartslista.
- Fleirårig plante med djup pålerot, og frøa kan liggje spiredyktige i jorda i opptil 50 år.
- Bind nitrogen og gjødslar jorda – det fortrengjer stadeigne artar som treng næringsfattig mark.
- Planta bør lukast opp med røtene eller slåast ned fleire gonger i juni/juli over fleire år for å utarme planta.



Einsleg hagelupin i blomeenga på Grandane.



Prestegardsmoen og strekninga langs Vangsvatnet mot Svartnakken: grøne felt viser område der hagelupin er fjerna.

Lagslivet langs Vangsvatnet









Ungdom og vaksne i sving med luking av hagelupin langs Vangsvatnet.

Enkeltlokalitetar og kantslått

Som i fjor har Naturverkstaden fjerna mindre lokalitetar med framande artar gjennom sesongen, hovudsakleg langs vegane. Det er nytta mindre tid til dette arbeidet i år enn i fjor. Erfaringa vår etter to sesongar er at det trengst ein heilskapleg plan for kantslått og fjerning av mindre lokalitetar for å fremje det biologiske mangfaldet. I dag er samarbeidet om kantslått langs europaveg, riksveg, fylkesvegar og kommunale vegar ikkje godt nok. Me ser at dagens praksis kan føre til auka spreiing av framande artar, og at slåtten vert gjord på tidspunkt som ikkje fremjar mangfaldet i artsrike vegkantar. Me tilrår å finne gode løysingar på dette før komande sesong, og at fjerning av mindre førekomstar blir kopla saman med dette arbeidet.



Kanadagullris, observert langs jernbanen mellom Ygre og Kløve.

Ny art på trappene?

Det er observert fleire andre framande artar i kategorien svært høg risiko (SE) i Voss herad. Me vil særleg trekkje fram kanadagullris, som me ser på med stor uro. Naturverkstaden har hatt dialog med Statsforvaltaren og med Bane NOR, sidan ein større lokalitet er observert langs jernbanen. Det er òg registrert fleire enkeltlokalitetar elles i heradet, og desse bør fjernast før frøsetting i 2027. Nokre planter vart fjerna i 2026. Kanadagullris har fått mykje merksemd på Austlandet, då han har lett for å spreie seg og ta over vegkantar. Éi plante kan produsere opptil 10 000 frø, og frøa vert spreidde med vinden – i motsetnad til hagelupin og kjempespringfrø, som spreier seg lokalt. Observasjonane er lagde inn i Artsobservasjonar.

Avfallshandtering

Kirkens Bymisjon har hjelpt til med avfallshandteringa gjennom sesongen. Avfallet frå dugnadene er i hovudsak sendt til forbrenning. Kjempespringfrø kan bli liggjande på staden før blomstring, men bør fjernast etter blomstring. Sidan planta er eittårig, er det mogleg å kompostere lokalt dersom ein overvakar staden sesongen etter. I 2026 vart det meste sendt til forbrenning, etter ønske frå lokalbefolkninga, mellom anna i Øvre Granvin. Me ønskjer likevel å finne ei løysing for lokal kompostering i dei komande sesongane. Dugnadene med hagelupin er gjort på forsommaren for å få minst mogleg avfall, og i perioden med mest dugnadsaktivitet brukte me container. Avfallet er sendt til forbrenning, sidan frøa kan leve i opptil 50 år i jorda.

Takk for i år!

Helsing Naturverkstaden
v/prosjektleiar Gudrun Folkedal
og dagleg leiar Benedicte Watvedt Skaug

Naturverkstaden
Me fiksar naturen - bit for bit